



Masfjorden kommune

Att:

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

## Masfjorden kommune gnr. 14 bnr 106 Hosteland vest - uttale til planprogram

Vi viser til brev datert 13.12.2021 frå Masfjorden kommune og framlegg til planprogram for regulering av gnr 14 bnr 106 Hosteland Vest. Vi ser oss lei for at vi ikkje har rukket å handsame saken før no.

### Føremål med planarbeidet

Masfjorden kommune er tiltakshavar og ABO Plan & Arkitektur AS er plankonsulent. Hovudføremålet med planarbeidet er bustadbygging med tilhøyrande uteoppfallsareal og infrastruktur. Sekundærmål er å leggje til rette for bryggjeanlegg og friområde mot sjø.

### Innspel frå Fiskeridirektoratet region Vest

#### *Gytefelt*

Vi gjer merksam på at Havforskningsinstituttet har registrert gytefelt torsk i Høstelandsundet. Gytefeltet er kategorisert som regionalt viktig (B-verdi biologisk mangfald). Torsken gyt vanlegvis i tidsrommet frå slutten av januar til ut april, og mai-juni vil det førekomme egg og larvar i sjøområdet.

Vi ber om at eventuelle arbeid i sjøområda som t.d. utfylling av massar utførast med varsemd, og at bruk av siltgardin vert vurdert opp i mot arbeid som utførast innanfor tidsrommet februar-juni. Vi føreset at det ikkje vert sprengingsarbeid i sjø.

#### *Fiskeri*

Det er registrert ein låssettingsplass i Vikane som er tilgrensande sjøområde, men vi har ikkje nyare data om bruk av plassen.

Lenger ute i Hostelandsosen er det registrert fiskeplass og ifølge Fiskeridirektoratet sine data er det ein god garnplass. Vi har ikkje nyare data om bruken av dette sjøområde til fiske.

Fiskeridirektoratet region Vest ser ikkje umiddelbart at regulering vil medføre eit stort konfliktpotensial, men vi ber om at fiskarlag vert høyrte i planprosessen.

Forslag til reguleringsplan adresserast til Fiskeridirektoratet region Vest og sendast til [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no). Hugs å merke med vår referanse 18/8900.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

**Mottakarliste:**

Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
--------------------	---------------------	------	-------------

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

